


Vedlegg 09.



**ALDEN  
HAMNEOMRÅDE**  
ALDEN HAMNEOMRÅDE -  
ADMINISTRASJON

Westcon Yard Florø As  
Postboks 334

6902 Florø

**Vår ref.**  
22/9 -12/LMMI

**Deres ref.**

**Dato:**  
02.05.2023

### Søknad etter hamne- og farvasslova, mudring gbnr 202/241

Vi syner til søknad frå Westcon Yars Florø AS, oversendt frå Kystverket 04.03.2022, samt tilleggsopplysningar mottatt 02.05.2023, inkl rammeløyve frå Kinn kommune.

**Søknaden gjeld:**

Mudring knytt til utbygging av dokk, gbnr 202/24 med koordinater 61,60349°N 5,05073°Ø, 61,60333°N 5,05071°Ø, 61,60363°N 5,05010°Ø og 61,60337°N 5,05007°Ø. Det gjeld ikkje godkjenning av fyllingsområde, då dette er handsama i eigen søknad.

**Aktuelle lover og føreskrifter:**

Søknaden er handsama etter hamne- og farvasslova m.v. av 21. juni 2019 nr. 70.

Det vert streka under at dette løyvet berre er gjeve etter hamne- og farvasslova, og at Florø hamn KF ikkje vurderer krav om løyve etter andre lover og regelverk i samband med denne søknaden. Søkjar må sjølv avklare til dømes tilhøva til vilkåra i plan- og bygningslova med kommunen og eventuelt til kulturminnelovgivinga hjå fylkeskommunen. Florø hamn KF tek heller ikkje stilling til eventuelle uavklara nabokonflikhtar eller andre sivilrettslege tilhøve som søknaden kan gjelda eller ha følgjer for.

Tiltaket kjem under hamne- og farvasslova sin § 14. Saka er og vurdert i lys av hamne- og farvasslova sine føremålsvedtekter, og eventuelle vilkår i løyvet er sett med heimel i lova sin § 16. Føremålsvedtektene (lova sin § 1) seier at føremålet med lova er å fremja sjøtransport og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennleg drift av hamn og bruk av farvatn, samstundes som det skal takast omsyn til et næringsliv som er konkurransedugeleg og at ein dessutan skal taka i vare nasjonale forsvars- og vernebuingsomsyn.

Hamne- og farvasslova § 16 seier mellom anna:

Løyvet kan gis med mellom anna på vilkår om

- undersøkjingar
- utføring, utstyr og dimensjonering
- tidsavgrensing
- bruk
- vedlikehald

- overvaking av miljø
- fjerning og opprydding

**Vurdering av søknad:**

Omsynet til søkjar sine interesser talar for å gje *eit positivt tilsvar til* det omsøkte løyvet.

Florø hamn KF si oppgåve i denne samanheng er å sjå til at skipstrafikken i Kinn kommune sitt sjøområde ikkje vert hindra, samt at tilflots- retten til naboar ikkje vert stengt eller vanskeleggjort. Utifrå søknaden kan ein ikkje sjå at nokon av desse omsyn vil li. Søkjar må likevel melde nabovarsel etter plan- og bygningslova og eventuell anna lovgjeving og i samsvar med privatrettslege tilhøve. Florø hamn KF vil ikkje sjå til at dette vert gjort, og vil ikkje mekle ved eventuelle nabo tvistar.

**Vedtak:**

Florø hamn KF gir løyve til mudring knytt til bygging av dokk som skildra i søknad med skisse.

Løyvet er gitt etter hamne- og farvasslova av 21. juni 2019 nr. 70


**Klagerett:**

Søkjar har rett til å klage over vedtaket innan tre veker etter at dette brevet er kome fram.

Klagen skal være skriftleg og vert å sende til Florø hamn KF for vurdering. Dersom Florø hamn KF ikkje endrar vedtaket vert klagen sendt vidare til Kystverket for endeleg handsaming. I klageskrivet lyt ein nemne kva for vedtak klagen gjeld og kva slags endringar klagaren ynskjer.

Klagaren er part i saka, og han har krav på dokumentinnsyn og rett til rettleiing om framgangsmåten ved klage, om klagehandsaminga og om saksbehandlingstida. Klagaren nytte advokat eller anna fullmektig.

Med hilsen



Linda Mortensen Midtbø  
Hamnesjef